Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1. Fylke: Nord-Trøndelag

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Skogn

Emne: Transport av høy Bygdelag:

Oppskr. av: Martin Sivertsen Gard:

(adresse): Levanger G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
mest etter gardbrukar Baje Myhr, Skogn, 70 år

SVAR

1. Det er stort sett same måten på alle bruk. På små bruk blir det slege noko meir med ljå, men dei bruker helst maskinslått no.
   Det blir mest ikkje slege i utmark. Utmarka i bygda er skoglende (barskog) utan nemnande slåtteng. Oppe i fjellet finst det slåtteng, men dei ligg så langt unna at det ikkje blir lønsamt å frakta høy derifrå. Det kan bli slege litt til bruk på sætrar.
2. Slik som landet er (slette eller bakkeland) blir det ikkje spørsmål om slik transport som her er omtala. Ein tørkar høyet på staden, mest på hesje og køyrer graset til hesja med skuvrive eller rakar med rive.
3. Fell bort.
4. I siste 100 år har ein bruka langvogn til å køyra høy (og korn). I det siste har somme bruka damvogn. Slede eller

142

hjulslede veit ein ikkje av har
vore ~~bruka~~ i bruk i denne sida.
Høyvogn blir ikkje kalla slede.
Forstilling på høyvogn er slik:

 (frå sida).  (i mot).

Skrindar har kommet, men
har ikkje i siste mannsmin-
net vore noko større i bruk.
Lasset blir no lagt opp med
høygaffel, før med (stor) rive,
i kjemmer. Ein reknar no
2-300 kg i eit lass (gamalt
visstnok 10 kjemmer = 10 voger).
Reglar for siste lasset eller
for siste klumpen er ukjent.
Ein fester no lasset med
stong og reip, og "reiper" lasset.
5 og 6 fell bort.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY
142